



ULVIK HERAD
5730 ULVIK

Retningslinjer for bruk av Ulvik herad sitt heradsvåpen

§ 1. Definisjon

Ulvik herad sitt heradsvåpen, fastsett ved Kongeleg Resolusjon den 19.12.1986 er :
”På raud grunn åtte gull spissruter i rosett.”

Ulvik herad sitt flagg er :

”På raud grunn åtte gule spissruter i rosett.”

§ 2. Generelt om bruk

Som hovudregel kan våpenet berre nyttast av heradet og heradet sin administrasjon og institusjonar. Det er forbod, utan høve til unnatak, for private å bruke våpenet på brevark, konvoluttar og liknande. Bruk av våpen på souvenirar er ikkje tillate. Våpenet må ikkje nyttast slik at det kan oppfattast som privat kjenneteikn.

§ 3. Bruk av våpenskjold

Våpenskjold skal brukast med fargane sine når det ikkje føreligg særskilt etatar og institusjonar, og på heradet sine brosjyrar og lysingar, kan våpenet bli trykt i gult/raudt og svart/kvitt.

Våpenskjoldet kan brukast som eigarmerke på heradet sine bygningar, bilar og andre gjenstandar og som dekor på kommunale representasjonsgåver.

§ 4. Bruk av heradsflagg

Flagget kan heisast ved Heradshuset når heradsstyret har møte og elles når ordføraren bestemmer det.

§ 5. Bruk av våpenet i faner, vimplar m.m.

Våpenet kan utformast som hengjande banner, bordflagg, tverrskore eller i vimpelform til bruk som dekorasjon ved kommunale tilstellingar eller som representasjonsgåve frå heradet. Våpenskjoldet kan brukast som jakkemerke m.m. for kommunale tillits- og tenestemenn.

§6. Bruk av våpen i stempel og segl.

Våpenet kan brukast utan skjoldinnfatning, namnet på etaten eller institusjonen i ein innskriftsring langs kanten. Segl kan framstillast som oblatsegl til bruk på dokument, til lukking av konvoluttar og liknande.

§7. Uforming og uførelse av våpenet.

Våpenet kan gjevast att i ulike typar tekniskar og materialer t.d. plastisk i flatestil, malt, teikna, vevd, brodert eller gravert. Einkvar utføring av våpenet må fylgja dei tekniske og heraldiske kvalitetsnormer med riktige fargar, former og proporsjonar.